

Sti- og løypeplan



**BYKLE
KOMMUNE**

Grunneigarmøte 19.03.2026

Velkommen

Introduksjon og bakgrunn

Kort om grovsilinga

Tidsplan

Diskusjon og innspel

18-20.30

Introduksjon og bakgrunn



Bakgrunn for planarbeidet

Planprogram for revisjon av arealdelen til
kommuneplanen,

Bykle kommune 2025-2035



	sjølvforsyning, utmarksbeite	
Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none">- Status i dag – løypenett sommar og vinter, friluftsområde med høg verdi, ev. konflikatar med naturverninteresse osv. (Flytting, kanalisering, tilgang, parkering osv.)- Revidere sti- og løypeplanen- Vurdere andre tiltak for å styrke friluftslivet i arealdelen eller i kommunens vidare arbeid.- Folkehelse og fysisk aktivitet, barn, unge, eldre og folk med nedsett funksjonsevne.	<ul style="list-style-type: none">- Sti- og løypeplan- Kartbasar- Tiltaksplanar for villrein- Kunnskapsgrunnlag- Innhente informasjon frå innbyggjarar, organisasjonar og liknande.- Samarbeid med destinasjonsselskapet- Sykkellruter- Nærtur - grøntstruktur i og rundt tettstader.
Vassressursar	<ul style="list-style-type: none">- Status i dag- Utfordringar og moglegheiter.	<ul style="list-style-type: none">- Kunnskapsgrunnlag- Miljøstatus.no

Nasjonal satsing på friluftslivet sine ferdselsårer



> [Melding til Stortinget 18 \(2015-2016\)](#)

Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet.

Kommunene har en viktig rolle for å planlegge og bidra med **god tilrettelegging for friluftsliv i sin kommune**. Miljødirektoratet ønsker at kommunene lager planer for friluftslivets ferdselsårer som identifiserer, ivaretar og utvikler friluftslivets ferdselsårer som sørger for **gode tilbud til befolkningen med tanke på folkehelse, livskvalitet, bolyst og reiseliv.**

Planen skal gi en oversikt over:

- nå-situasjonen
- kommunens mål for friluftslivets ferdselsårer
- beskrive tiltak for å ivareta og utvikle ferdselsårene

Medverknad

- Dialogmøte med grunneigarar, beitelag, jaktlag
 - 3 møte – Bykle (9 stk.), Midregionen (8 stk.), Hovden (9 stk.)
 - Gjennomført i oktober 2025
- Møte med prosjektgruppa
 - Samansett av representantar frå kommunale råd og utval, idrettslaga, grunneigarar/rettshavarar, næringslag, Destinasjon Hovden, Hovden løypekøyring, hyttevelforeiningar.
- Møte med referansegruppa
 - Samansett av Agder fylkeskommune, Forvaltningssekretariatet Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, Statsforvaltaren i Agder, Visit Setesdal, (Otra kraft), Midt-Agder friluftsråd og Villreinnemnda.
- Invitasjon til å kome med innspel via digitalt skjema eller skriftleg
 - Informasjon på [heimesida](#) inkl. innspelsskjema
 - Frist: 1. desember 2025
- Villreinfagleg møte – innhenting av lokalkunnskap
 - Gjennomført 3. februar 2026
- Spørjeundersøking ungdomar via Ungdomsrådet
 - Gjennomført i februar 2026
- Orientering og dialog med politiske råd og utval
- Direkte kontakt med aktuelle aktørar etter behov

Prosjektgruppa

Organisasjon

Ordfører
Planutvalet
Levekårsutvalet
Råd for personar med nedsett funksjonsevne
Eldrerådet
Ungdomsrådet
Bykle Idrettslag
Hovden Sportsklubb
Grunneigar/rettshavar Bykleregionen
Grunneigar/rettshavar Midtregionen
Grunneigar/rettshavar Hovdenregionen
Bykle Næringslag
Hovden Næringslag
Destinasjon Hovden
Hovden løypekøyning
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane
Administrasjonen
Administrasjonen
Administrasjonen

Namn

Hans Blattmann
Merethe Hjemdahl
Thor Bernhard Sagland
Laila Johnsen Kjær
invitert
Sigrid Haugsgjerd
Olav Mandt
invitert
Silje Rygnestad Nesvaag
Arne Homme
Agnes Hovden
invitert
Marcin Matysik
Unn Hovden
Torvald Gautland
Tom Bredesen
Hans Chr Loland
Signe Sollien Haugå
Sigrid Bjørgum
Sonja Lien Skjevraak

Møte

27.10.2025

- Orientering, tiltaksplan, løypekøyning, innspel

10.12.2025

- Orientering om innkomen innspel
og vurdering av desse

Mai 2026

- Presentasjon av planforslag



Referansegrupp

Organisasjon

Forvaltningssekretariatet SVR

Visit Setesdal

Midt-Agder friluftsråd

Statsforvaltaren i Agder, naturseksjonen

Statsforvaltaren i Agder, planseksjonen

Agder fylkeskommune

Villreinnemnda

Ordfører

Administrasjonen

Administrasjonen

Administrasjonen

Namn

Jørn Trygve Haug

Roy Bakke

Magnus Thomassen

Therese Ramberg Sivertsen

Sigrud Lofthus Drange

Ingvild Paulsen

Jarle Lunde

Hans Blattmann

Signe Sollien Haugå

Sigrud Bjørgum

Sonja Lien Skjevra

Møte

26.11.2025

- Orientering om planprosess og innkomne innspel

Mai 2026

- Presentasjon av planforslag

Fokusområde i planarbeidet

Heilskapleg løypenettverk

Planen skal lage eit samanhengande nettverk for ski, sykkel og fottur som fungerer heile året.

Tilrettelegging og sikkerheit

Skilt, informasjonstavler, bruer og parkering sikrar enkel og trygg bruk av løypene for alle.

Balanse mellom bruk og vern

Bruk må balanserast med vern for å beskytte natur og villrein, og sikre berekraftig friluftsliv.

Samarbeid i lokalsamfunnet

Samarbeid mellom bygdefolk, hyttefolk, næringsliv, kommunen og politiske utval er viktig for å nå måla.



Kriterium for prioritering

Bruk og vern

Kommunen vurderer både bruk og vern for å balansere aktivitet og omsyn til natur.

Arrangement og høgsesong

Ta omsyn til arrangement og høgsesong for at kommunen framleis skal vere attraktiv som turistdestinasjon.

Lokal identitet og kommersiell utvikling

Styrke lokal identitet og/eller kommersiell utvikling i dei ulike områda.

Folkehelse

Det er viktig å tilby nærturløyper og møteplassar som fremjar aktivitet blant innbyggjarar og lokalsamfunn.

Kostnad versus nytte

Vurdering av kost og nytte for å sikre at ressursane blir brukt effektivt.



Balansen mellom aktivitet og naturvern

Villreinfagleg rapport
mars/april 2026



Bevaring av villreinen sitt leveområde

Villreinen er sårbar og treng ro, spesielt om vinteren, noko som påverkar utforming av høgfjellsløyper.



Behov for nærturløyper

Det er viktig å tilby nærturløyper og møteplassar som fremjar aktivitet blant innbyggjarar og lokalsamfunn.



Diskusjon om prioriteringar

Vurdering av løyper, møteplassar og korte turar som kombinerer aktivitet og naturvern.

Besøksforvaltning

Tre ulike perspektiv

- ✓ Naturforvaltningsperspektivet
 - tar utgangspunkt i forvaltning av verneområde etc.
- ✓ Destinasjonsutviklingsperspektivet
 - tar utgangspunkt i å utvikle destinasjonen, som oftast med reiselivsnæringa i førarsetet.
- ✓ Samfunnsutviklingsperspektivet
 - tar utgangspunkt i staden, og kommunen sit oftast i førarsetet.

Det vil alltid være ein viss overlapp, synergjar, samhandling, men også motsetnader, mellom desse perspektiva.



Samfunnsflokke i praksisfeltet


Destinasjonsutvikling og besøksforvaltning i område med sprikande/ikkje samordna besøksforvaltningspraksis, og mange aktørar med ulike roller og forvaltingsansvar.

Ulike tilnærmingar

- ✓ Formalistisk/kommunikativ
 - lage ein sti- og løypeplan med kart og føresegner

- ✓ Dynamisk/adaptiv
 - anerkjenne motsetningar og utvikle premissar/kriterium og spelereglar for kvar ein kan tillate løyper og meir dynamisk tilrettelegging (sårbare tider/område)
 - optimalisere handlingskoordineringa på sikt
 - fordrar at ein ikkje møter med 'bundne mandat'

Grovsiling av innspel



Innspela i kortform

Forbetra parkering og redusert bilkøyning

Lokalbefolkninga ønskjer betre parkeringsløysingar og betre samanbinding i løypenettet for å avgrense bilkøyning for berekraftig tilgang til friluftsområda.

Kombinerte løyper for aktivitetar

Folk vil ha løyper som passar både for ski, sykkel og fotturar, slik at fleire aktivitetar kan nyttast på same staden.

Nærturløyper og arrangementsløyper

Det er ønskje om lett tilgjengelege nærturløyper for alle, og eigne løyper til aktivitetar som Hovden Tour og Hovden Ultra.

Høgfjellet

Behalde tilgangen til høgfjellet, men samstundes ta omsyn til villreinen.

Sjå møtereferrata som ligg på heimesida for detaljar.



Kva er grovsilinga?

Det første steget i sorteringa av alle ideane, forslaga og kommentarane som har kome inn – før ein går vidare med meir detaljert vurdering.

- Få oversikt
 - kva er relevant, kva høyrer heime i planen, kva treng meir vurdering, kva peikar i same retning eller kan slåast saman
- Prioritere tida rett
 - bruke ressursane på det som er viktig for planen
- Eit betre grunnlag for vidare analyser og vurderingar
 - ei rydda og sortert liste, vidare konsekvensvurdering av alle traseane
- Sikre openheit og etterprøvbarheit
 - alle innspel er vurderte og prosessen er ryddig og transparent

Grovsilinga blir politisk behandla.

Samanstilling av 127 forslag til trasear/tiltak

Grovsiling av innspel til sti- og løypeplanen

18.03.2026

Nr	Region	Sak-jp	Avsendar	Innspel	Kartutsnitt	gjeldande innspel innspel til planen	preparert løype skiløype i KPA	sykkelrute i KPA turveg i KPA	Prosjektgruppa si prioritering 1: Viktig tiltak 3: Lite viktig 2: Nokså viktig 4: Uønskt
5	Midt	22/99-7	Jens Leirvåg	Vidarekopling av skiløypa ved Ørnefjell hyttegrend i retning golfbanen. Aktuell trase er kartlagt tidlegare.				1-2	
		22/99-8	Torvald Gautland						
		22/99-106	Vidsyn velforening v. Øystein Kilander	Det er ønskeleg å få etablert trase for preparert skispor ned gjennom Ørnefjell hytteområde til golfbanen slik at en får en rundløype også der.					
Administrasjonen si vurdering Grøn: inngår i vidare planarbeid Raud: inngår ikkje i vidare planarbeid									
Innspelet vil gi ei god samankopling og bidra til å forsterke løypenettet saman med etablering av kulvert. Forslag til trase ligg rett nord for trekkområde for villrein (naturbase). Terrengtet består av skogsbotn og litt myr. Traseen er realtivt enkel å etablere. Det er meldt planoppstart i området (planID 202303). Det bør bli vurdert å regulere løypetrase i den samanheng.									
Konklusjon: Samankoplinga tas med i planarbeidet, men det bør også bli vurdert å regulere traseen i samband med pågåande planarbeid.									



Tidsplan



Møteaktivitet og tidsplan

29.09.25
Grunneigarmøte Bykleregionen

15.10.25
Grunneigarmøte
Hovdenregionen

27.10.25
Møte i prosjektgruppa

01.12.25
Innspelsfrist

10.12.25
Møte i prosjektgruppa

03.02.26
Villreinfagleg møte

16.02.2026
Pol. beh. i planutvalet
Grovstilling av innspel

13.04.26 (?)
Pol. beh. Planutvalet
Grovstilling av innspel

Mai 2026
Presentasjon av planforslag
Prosjektgruppa

Mai/Juni 2026
Presentasjon av planforslag i
råd og utval

18.06.26 (?)
Pol. beh. Kommunestyret
Høyring av planforslag

2022-2025
Innspel

01.10.25
Grunneigarmøte Midtregionen

27.10.25
Annonsering innspelsperiode

26.11.25
Møte i prosjektgruppa

05.12.25
Orientering i ungdomsrådet

12.01.26
Orientering i planutvalet

Februar 2026
Spørjeundersøking ungdomar
Ungdomsrådet 05.02.26

19.03.26
Ope grunneigarmøte
Presentasjon av grovstilling av
innspel

30.04.26
Pol. beh. Kommunestyret
Grovstilling av innspel

Mai 2026
Presentasjon av planforslag
Referansegruppa

15.06.26 (?)
Pol. beh. Planutvalet
Høyring av planforslag

Oktober 2026 (?)
Vedtak plan

Tidsplan (justert)

September–Oktober 2025	<ul style="list-style-type: none">→ Informere breitt og målretta→ Medverknadsfase og innspel→ Samanstille og kartlegge status – kunnskapsinnhenting
November–Desember 2025	<ul style="list-style-type: none">→ Frist for innspel 1. desember→ Analysere og vurdere innspel og ønske opp mot andre tema og omsyn
Januar–Mai 2026	<ul style="list-style-type: none">→ Utarbeiding av planforslag
Juni–September 2026?	<ul style="list-style-type: none">→ Offentleg ettersyn og høyring→ Justering av planforslag
Oktober 2026?	<ul style="list-style-type: none">→ Politisk behandling og vedtak

Revidering av sti- og løypeplan

[Lytt til teksten](#)

Bykle kommune har starta arbeidet med å revidere den gjeldande sti- og løypeplanen.

Sti- og løypeplanen er eit delprosjekt i den pågåande revideringa av kommuneplanen sin arealdel. Planen vil vere vedlegg til arealdelen og traseane vil inngå i plankartet.

Målet med planarbeidet er å sikre eit framtidsetta og godt tilbod for friluftsliv, med omsyn til naturmangfald, lokal verdiskaping og brukarbehov. Planen skal bidra til betre samhandling mellom aktørar og avklare roller og ansvar.

Det blir lagt opp til brei medverknad frå innbyggjarar, grunneigarar, frivillige, næringsliv og offentlege instansar. Prosessen inneheld fleire dialogmøte, og det blir høve til å kome med innspel via digitalt skjema eller skriftleg.

[Planprosessen og møteplanen \(PDF, 155 kB\)](#)

[Gjeldande sti- og løypeplan](#)



Sherpasti til Hovdenut
Fotograf: Sigrid Bjørgum

Fristen for
innspel gjekk ut
1. desember

Medverknad

- [Presentasjon grunneigarmøta \(PDF, 2 MB\)](#)
- [Referat frå grunneigarmøte Bykleregionen \(PDF, 126 kB\)](#)
- [Referat frå grunneigarmøte Midtregionen \(PDF, 131 kB\)](#)
- [Referat frå grunneigarmøte Hovdenregionen \(PDF, 343 kB\)](#)
- [Møtereferat frå Prosjektgruppa 27.10.25 \(PDF, 136 kB\)](#)
 - [Presentasjon 27.10.25 \(PDF, 3 MB\)](#)
- [Møtereferat referansegruppa 25.11.25 \(PDF, 187 kB\)](#)
 - [Presentasjon 25.11.25 \(PDF, 10 MB\)](#)
- [Møtereferat frå Prosjektgruppa 10.12.25 \(PDF, 163 kB\)](#)
 - [Presentasjon for prosjektgruppemøtet 10.12.25 \(PDF, 2 MB\)](#)
 - [Presentasjon frå Ressursgruppe for hyttevelforeiningane 10.12.25 \(PDF, 2 MB\)](#)


NB! Informasjon
på [heimesida](#)


Informasjon om karta


Teiknforklaring

 Eksisterende fottrasé [38]


 Eksisterende skitrasé [55]

 Eksisterende sykkeltrasé [5]


 Planlagt fottrasé [24]


 Planlagt skitrasé [61]

 Planlagt annen trasé [1] (her: ridetrasé)

 Foreslått fottrasé [16]

 Foreslått skitrasé [25]

 Foreslått sykkeltrasé [15]

 Foreslått annen trasé [1] (her: ridetrasé)


Ligg i dagens sti og løypeplan eller i løypekartet til Destinasjon Hovden. Blir preparert i dag.

Ligg i reguleringsplanar, dvs. regulerte trasear.


Føreslegne nye trasear som er vurdert tatt med i vidare planarbeid.

143 Løpenummer som ikkje har samanheng med innspelsnr.

PAUSE



Diskusjon og innspel



Diskusjon rundt bordet


Del tankar og refleksjonar



Innspel

Spørsmål eller kommentarar til grovsilinga?

- Kommentatarar til innspela (feiltolkingar, tilleggsinformasjon?)
- Kommentatarar til vurderingane
- Anna



www.bykle.kommune.no